



Cathrine Haugland og Bjørn Olav Tveit (til høgre på dette biletet) skal instruera i skøyting i Fjellhaugen. Til venstre står Steinar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Ski- og friidrettsgruppa til idrettslaget i Uskedalen set no i gongnoko som må kallast eit pionertiltak på våre kantar: Den satsar på å læra folk til å skøyta på ski. Det er i hvert fall første gong eit slikt kurs blir halde i Fjellhaugen Skisenter og truleg også første gong i Kvinnherad i det heile. Kurset startar onsdag 15. februar, held fram laurdag 20. februar og sluttar måndag 22. februar. Det blir ein times instruksjon og trening etterpå.**

Det er leiar av gruppa Cathrine Haugland som har hatt ideen til kurset og ho har fått han frå Øystese der ho kjem frå. Der hadde dei stor suksess med eit skøytekurs i fjor. Folk har halde fram med å skøyta etter at dei gjekk på kurset. Særleg var oppslutnaden stor på kvinnesida, fortel Steinar Haugland til uskedalen.no.

Han presiserar at dette er ein trimform og ikkje ei tevling og at instruktørane Cathrine Haugland, Bjørn Olav Tveit og Pål Haugland kjem til å leggja seg på eit lågt nivå.

- Dette er for mosjonistar og ikkje for dei som framfor alt vil konkurrera, seier han.

Han og dei som har teke initiativet gler seg over at mange allereie har sagt seg interesserte i å bli med. Og det gjeld slett ikkje berre slike som er aktive.

Forresten treng amene treng ikkje å vere redde for at mennene skal stressa dei: Instruktørane kjem til å dele flokken i to etter kjønn!

- Dette er ein freistnad på å lokka fleire opp til Fjellhaugen og stimulere ski-interessa. Ruskeveret dei seinaste vintrane har redusert talet på skiløparar i vårt område og det er viktig å satsa på ei "gulrot" for å få dei opp i fjellet att, seier Haugland.

Det er slett ingen føresetnad at dei som kommer til kurset skal ha skøyta før. Dei einaste krava som blir stilt stilt gjeld utstyret: Klisteret frå påska i fjor må skrapast vekk og stavane bør vera noko lengre enn dei som blir brukt til vanleg. Dei bør nå opp til munnen og ikkje slutta under armhola.

Av Ola Matti Mathisen

